



Saksbehandlar: Toril Einarsen, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/12700-4

## **Tariffrevisjon per 1.5.2016 - Forslag til ny Hovudtariffavtale - Uravstemming**

**... Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune stemmer «JA» til forslag til ny Hovudtariffavtale

**... Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **Samandrag**

Dei sentrale forhandlingane vart opna med overlevering av krav og tilbod 12.04.16. I tida fram til avtaleutlaup vart det avvikla 3 plenumsmøte mellom partane. KS og forhandlings-samanslutningane kom til einigheit innan utlaup i årets lønsoppgjer. Det er 20 år sidan ein vart einig om eit hovudoppgjer utan å kople inn meklingsmannen.

For å få ei akseptabel løysing for alle partar, blei det einigheit om ein toårig avtale. Dvs. at delar av den økonomiske ramma for 2017 også blei tatt i bruk.

Alle partar; KS, LO Kommune, Unio, YS Kommune og Akademikerne har tilrådd forslaget. Resultatet er sendt til uravstemming. KS oppmodar alle medlemmane om å svare ved uravstemminga.

### **Bakgrunn for saka**

#### **Årslønsvekst 2016**

Dei sentrale partane er einige om i årslønnsvekst på 2,4 prosent, til liks med frontfaget.

#### **Årslønsvekst 2017**

Som del av tariffoppgjeret 2016, er det også avtalt sentrale tillegg for 2017. Berekna årsløns-vekst frå 2016-17 er om lag 2,2 %.

#### **Sentrale tillegg i kapittel 4.2.1 (Ny endring i nummerserien – tidlegare 4.A.1)**

Det er einigheit om sentrale tillegg både for 2016 og 2017 med verknadstidspunkt 01.05.2016 og 01.08.17.

#### **Lokale forhandlingar i kapittel 4.2.1 (Ny endring i nummerserien – tidlegare 4.A.1)**

Det er ikkje sett av midlar til lokale forhandlingar i kapittel 4.2.1 i 2016, men det er sett av 0,9 % til lokale forhandlingar i 2017, med verknadstidspunkt 01.09.17.

#### **Ansiennitetstillegg**

Ansiennitetsstigen er forlenga frå 10 til 16 år ansiennitet for alle stillingsgrupper. Innfasing skjer over to år gjennom dei sentrale tillegga som vert gitt i 2016 og 2017.

#### Endring i stillingsgrupper i kapittel 4 frå 01.08.17

- Samordning av stillingsgrupper med krav om høgskule -/ universitetsutdanning.
- Ny stillingsgruppe for «Adjunkt med tilleggsutdanning og stillingar med krav om universitets – og høgskuleutdanning»
- Ny stillingsgruppe for fagarbeidarar med ytterlegare eitt års relevant fagskule- utdanning.

#### Leiarar i kapittel 4

Leiarar i kapittel 4 vert gitt eit lønstilllegg på 2,4 prosent pr. 01.05.2016 og 2,0 prosent pr. 01.08.2017

Nytt forhandlingskapittel for mellomleiarar i kapittel 3.4.

#### Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen meiner dette forslaget tek i vare den økonomiske ramma på ein slik måte at balansen mellom sentrale justeringar og tilstrekkelege lokale midlar sikrar det behovet ein har for å drive ein aktiv løns- og arbeidsgjevarpolitikk.

#### Konklusjon

Lønsoppgjernet viser ein struktur og eit innhald som vil medverke til å styrke fylkeskommunen som arbeidsgjevar, med rekruttering og stabilisering av arbeidstakalar.

Fylkesrådmannen tilrår at Sogn og Fjordane fylkeskommune stemmer «JA» til Riksmeklaren sitt framlegg ved tariffrevisjonen 01.05.16.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)